



EIDFJORD KOMMUNE
Simadalsvegen 1
5783 EIDFJORD

Dato: 14.10.2016
Vår ref.: 2015/8955-17
Saksbehandlar: rutornh
Dykkar ref.:

Støtte til modellbibliotekprosjekt i Eidfjord

Vi viser til søknad frå Eidfjord kommune, datert 2.10.2015, om å bli modellbibliotek i Hordaland i 2016. I søknaden blei det skissert ønskje om å flytte biblioteket, som har ei upraktisk lokalisering i tredje etasje i kommunehuset, ned på gateplan. Gjennom samarbeid med tenestorget ønskte ein å auke opningstida frå 10 til 37 timer i veka.

Det kom inn søknader frå seks kommunar. I januar 2016 plukka Utval for kultur, idrett og regional utvikling Eidfjord ut som eitt av tre prosjekt som fekk ei løyving på kr 100 000. Føresetnaden var at kommunen skulle gå inn med minst det same beløp i prosjektet.

I møte med bibliotek- og kultursjef i februar, kom det fram at vi hadde misforstått søknaden. Vi trudde at kommunen hadde vedtatt at biblioteket skulle flyttast til 1.etg, medan det i søknaden står at ei løyving frå fylkeskommunen, kan bli insentivet som gjer at det blir bestemt at biblioteket skal flyttast. Løyvinga burde difor ha blitt gitt med etterhald om vedtak i kommunen om flytting av biblioteket.

Vår vurdering er framleis at prosjektet er svært godt. Eidfjord kommune vil få mykje att for å flytte biblioteket slik at det blir meir tilgjengeleg, og ein vil få mykje betre føresethader for å oppfylle dei nye krava i Biblioteklovens §1 om at folkebiblioteket skal drive aktiv formidling, vere ein møteplass og arena for offentleg debatt.

Viss ikkje Eidfjord kommune kan nytte løyvinga som skissert i søknaden, vil vi kunne fordele midlane til ein av dei andre sokjarane. Vi ber om at kommunen så snart som mogleg gir melding om ein har intensjon om å gjennomføre prosjektet.

Ruth Ørnholts
Fylkesbiblioteksjef

Sigrid Furnes
Spesialrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.